



Liv-Britt Irene Steinhoff  
Galtnesvegen 109  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3049 - 14/13057

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
04.09.2014

## Godkjenning - Gbnr 23/180 - Løyve til oppføring av 3 samanbygde garasjer

**Administrativt vedtak. Saknr: 250/2014**

**Tiltakshavar:** Irene Steinhoff (gbnr 23/247), Geir Hølleland (gbnr 23/278), Hilde og Rune Nilsen (gbnr 23/310)  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-2

### **SAKSUTGREIING:**

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av 3 samanbygde garasjer med eit samla bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 52 m<sup>2</sup>. Eigedomen gbnr 23/180 er på om lag 1,6 daa og er eigd av Meland kommune.

Dei tre grunneigarane som står bak føreliggjande søknad eig høvesvis gnr 23 bnr 247, 278 og 310. Det er opplyst i søknaden at det er desse tre tomtene som har rett til å føre opp garasje på bnr 180 på det aktuelle arealet vist i situasjonskart vedlagt søknaden. Tiltakshavar Irene Steinhoff har på spørsmål frå kommuneadministrasjonen opplyst at to andre eigedomar har biloppstillingsplass på bnr 180 (på same side av eigedomen), men desse ønskjer ikkje å byggje garasje no. Desse plassane ligg ein på kvar side av dei omsøkte garasjane. Det er elles opplyst at det ikkje er nokon usemjø om rettane til garasjeplass på arealet, og at dei tre som no søker om oppføring har hatt biloppstillingsplass på same stad i lengre tid heilt sidan dei kjøpe eigedomane sine.

Det vert vist til søknad journalført 14.7.2014 og supplert 21.7.2014.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 utan at det er motteke merknader.

**VURDERING:**Lov- og plangrunnlag:

I Reguleringsplanen for Mjåtveit/Frekhaugmarka (arealplanid 125619780310) er eigedomen avsett til garasje og parkering for det som i det opphavlege plankartet er vist som tomtene 74-79. Tiltaket er i samsvar med planen. Tiltaket endrar ikkje tilkomst eller avkjørsleløysingane på staden.

På bakgrunn av opplysningane i søknaden finn kommuneadministrasjonen at det er tilstrekkeleg klarlagd at tiltakshavarane har rett til å føre opp garasje på arealet. Det er ingen konflikt knytt til rettane i denne del av feltet.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart stempla godkjend 4.9.2014. Tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4. Avstand til nabogrense på inntil 1 meter vert godkjent i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (b), jf pbl § 20-2, bokstav (a).

Planløysing, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagte teikningar stempla godkjent 4.9.2014. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2. Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-2 løyve til oppføring av tre samanbygde garasjer på gnr 23 bnr 180 i Meland kommune, jf søknad journalført 14.7.2014. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart og teikningar stempla godkjent 4.9.2014.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersend.

Vedtaket kan påklagast i medhald av Forvaltningslova § 28 flg, jf vedlagt skjema.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gbnr 23-180 - Godkjente teikningar

Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Mottakere:**

Liv-Britt Irene Steinhoff

Galtnesvegen 109 5918

FREKHAUG